



Uskedal musikklag står for ein del av programmet på Frelsesarmèkvelden. Her frå speling på Rødtunet i august.

Messingkorpsa i Frelsesarmèen har alltid vore kjent for gode marsjar og salmar i friske og svært iøyrefallande arrangement. Mange musikkorps har sakna tilgang på desse i dei vanlege notebutikkane, men i fjorårssesongen var Uskedal musikklag heldige og fekk kjøpt inn hefter med messingarrangement av frelsesarmèmusikk. Utifrå dette voks idèen om ein frelsesarmèkveld i kyrkja fram.

Idèen vart lagt fram for soknerådet som var svært positive. Dei tok vidare kontakt med Frelsesarmèen i Odda og Erlingur Nielsson som tidlegare har arbeidd i Frelsesarmèen si teneste. Med positiv respons frå begge hald kan Uskedal sokneråd presentera eit flott program om Frelsesarmèen søndag 8.oktober kl.18.

Musikklaget vil opna og avslutta kvelden med sine 2 avdelingar. Til 3 av songane dei spelar vert det delt ut tekst slik at publikum skal vera med og syngja. Meir musikk og song vert det frå gjestene frå Odda. Johanna Oppedal vil også halda andakt. Ellie Nielsson vil fortelja oss frå sitt arbeid og virke i armèens teneste.

Eg trur dette vil verta ei fin stund i kyrkja med mykje lett og fin musikk. Det vert også høve til å gje ei gåve ved utgang til det gode arbeidet som Frelsesarmèen gjer.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland
Arkivfoto: Kristian Bringedal